



Ditt sikreste val

Hovudutvalet for Opplæring
i Sogn og Fjordane.

Førde, 27.11.15

Nedlegging av VG2 – Transport og Logistikk i Førde.

Det er med undring vi har fått vite at Hovudutvalet for Opplæring har vedteke å legge ned denne linja.

Den 11. mai i år hadde undertekna saman med andre frå næringa møte med Fagopplæringsnemnda i fylket og gjorde greie for det store behovet næringa hadde for nye sjåførar dei kommande åra. Vårt inntrykk frå møtet var at Fagopplæringsnemnda forstod alvoret i dette, og at det for denne type utdanning er viktig å ha lokale tilbod.

Det var i mars i år forslag om å legge ned tilbodet på Transport og Logistikk i Stryn og Sogndal. Dette gjekk ein i frå, men nokre mnd seinare vedtek de altså å legge ned linja vi har i Førde istadenfor. For oss er det uforståeleg. Vi legg ved brev datert 16.03.15 vedr «førre runde» om dette.

Tyngdepunktet for transportnæringa i fylket ligg i Sunnfjord. Det klart største busselskapet i fylket ; Firda Billag Buss AS har meir enn 200 sjåførar – det største godsselskapet Transferd AS har over 150 sjåførar – i tillegg er det fleire andre store transportverksemdar i denne regionen.

Gjennomsnittsalderen for bussjåførar hos oss er 57 år – vi har trong for mange nye sjåførar i åra framover om vi skal greie å løyse dei samfunnsoppgåvene vi er sett til.

Vi skjønar innvendinga mot at det er for få søkjarar, og vi må ta vår del av ansvaret for dette. Vi har auka markedsføringa , og saman med Opplæringskontoret har vi presentert oss overfor skuleverket, dette arbeidet må vi fortsette med. Det må likevel ikkje vere slik at ikkje det totale tilbodet på opplæring speglar det faktiske behovet næringslivet i fylket har. Det er ein realitet at vi treng nye sjåførar. Desse bør vi rekruttere lokalt om vi skal behalde dei i vårt område. Merk også at vår næring har kunna tilby lærlingeplassar til alle.

Transport er ei viktig næring i fylket med stor sysselsetting, og den utfører viktige samfunnsoppgåver. Manglande rekruttering vil føre til forvitring.

Det er mykje snakk om kompetansesarbeidsplassar. Det krevst høg kompetanse for å verte ein dyktig tungbilsjåfør. Vi har gode miljø for dette i vårt fylke – betre enn i mange andre. Vi ynskjer å behalde og utvikle det.

Vi er kjent med at det skal vere eit ekstra møte i Hovudutvalet den 7. desember. Vi ber om at de då ser på denne saka på nytt. Om det er ynskjeleg kan undertekna møte i Hovudutvalet og gi ei orientering om næringa og dei behova vi har.

Med vennleg helsing

Firda Billag AS

Peter Midthun
Peter Midthun
-adm.dir-

Kopi: Opplæringskontoret for Transport og Logistikk v/ Rune Apneseth

Til medlemmane i Hovudutval for opplæring.

Førde, 16.03.15

Transportbransjen er ein viktig del av næringslivet i fylket. Sektoren Transport og lagring sysselset kring 3.550 personar, og fylket har fleire store bedrifter både innan gods- og persontransport.


NHO Transport er uroa for utviklinga i tal søknader til Transport – og logistikkfaglinjene. Vi er heilt avhengig av å få tilføring av nye sjåførar.

Vi må og skal auke innsatsen for å få fleire til å velje dette faget. Vi sluttar lojalt opp om lærlingeordninga, og vil også bidra med direkte informasjon overfor ungdomsskular kommande år.

Aldersfordelinga innan sjåføryrket i fylket er skeiv. Det er altfor mange «eldre» sjførar, og fornying til yrket er avgjerande for om vi skal klare å oppretthalde den posisjonen vi har.

Vi meiner difor det er svært viktig at vi greier å oppretthalde dei tre linjene vi har innan dette faget. Vi ber om Dykker støtte til dette.

Med vennleg helsing
NHO Transport Sogn og Fjordane


Peter Midthun
-styreleiar-